



Rib Konsulenten AS  
Jon Anders Birkeland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1747 - 15/26620

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
14.08.2015

## Ferdigattest - gbnr 196/155 Midtgård - tomt

**Tiltakshavar:** Tom Solemdal, 5265 Ytre Arna  
**Ansvarleg søkjar:** Rib Konsulenten AS, 5281 Valestrandsfossen  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.12.2013.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.08.2015.

### Skildring

|                 |                    |
|-----------------|--------------------|
| Adresse:        | Naustlia, Midtgård |
| Bygningstiltak: | Planering av tomt  |
| Tomteareal:     | 1065m <sup>2</sup> |

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for planering av tomt på gnr. 196, bnr. 155.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1747



Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Tom Solemdal

Gaupåsvegen 251 5265

YTRE ARNA

**Mottakarar:**

Rib Konsulenten AS